

---

Saksnr: 2020/73760-3  
Saksbehandlar: Nina Gjester Hoel

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		10.12.2020

## Tilskot levande byer og stader 2020 - Vik kommune

### Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune gir økonomisk støtte på inntil kr 775.000,- til bilfri torgplass i Vik sentrum. Torget skal ta utgangspunkt i gatetun-prinsippet i Vegnormal N100, og torget skal vere universelt utforma.
2. Dersom det vert opna for veg gjennom området skal denne innlemmast i gatetunet, og skal berre brukast til varelevering - ikkje gjennomkøyring. Det skal ikkje vere bilparkering på torgplassen, med unntak av parkeringsplassar for menneske med rørslehemming.
3. Tiltaket er innanfor sektoren sine økonomiske rårer, og innanfor rårerene til tilskotsordninga. Tildelinga går av midla som allereie er sett til «Tilskot til levande byer og stader i Vestland 2020».

### Samandrag

Prosjektet vil gi torgplassen ein ny karakter og transformere området frå parkeringsplass til offentleg møteplass for innbyggjarane. Tilskotsmidlane skal gå til realisering av dette. Vik manglar torgplass, men har fleire opne plassar som vert nytta til parkering. Målet er at torgplassen skal vere ein møteplass, og ein trygg stad å opphalde seg. Prosjektet er forankra i regionale planar, og lokalt i vedteken detaljreguleringsplan frå 2019. Fylkesrådmannen vurderer at opning for biltrafikk og parkering på torgplassen er uheldig, og stiller vilkår til tilskotet om at p-plassar vert avgrensa til folk med rørslehemming, og at vegen føl føringar etter Vegnormalen N100 for Gatetun: *Gatetun er et område fortrinnsvis beregnet for opphold og lek hvor motorisert trafikk har begrenset tilgang og omfang. Kjørende er gjennom skilting pålagt å vike for gående og kjøre i gangfart.*

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Paal Fosdal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Saksutgreiing:

## Bakgrunn

### Om tilskotsordninga

Fylkesutvalet vedtok i mars føringar for tilskotsordningar innan fagområda klimaomstilling, folkehelsearbeid, og by- og stadutvikling. I saka vart det vedteke at tildeling/ar over kr 400.000,- skal handsamast av Fylkesutvalet.

Føremålet med tilskotsordninga er å skape gode rammer for kvardagslivet i byar og stadar i Vestland. Tilskotsordninga kan knytast til mål 3 i Utviklingsplanen «Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv», og tilhøyrande berekraftsmål 11 «Berekraftige byar og samfunn».

### Om tildelinga i 2020

I 2020 er det sett av 3,8 millionar kroner til tilskotsordninga «Levande byer og stader i Vestland». Det er kome inn totalt 21 søknader knytt til ordninga, der 11 har fått innvilga tilskot på beløp opptil 400.000,- kr kvar. Det gjenstår kr 775.000,- av dei aktuelle midla. Fylkesrådmann rår til at desse midla går til Vik kommune og deira tiltak. Ettersom denne tildelingssummen er over grensa for administrativ avgjerdsle for stadutviklingstilskot på 400.000 kr, er saka med dette løfta til politisk handsaming.

Fylkesutvalet har også fått også ei sak til orientering knytt til tildelingane innan klimaomstilling, folkehelsearbeid, og by- og stadutvikling.

### Om Vik kommune sin søknad om tilskot

Hovudmålet i Vik kommune sin søknad er å styrke identiteten til sentrumsgata i Vik ved å gripe fatt i potensialet som ligg i eksisterande torgplass og bygningsstruktur. Torget har ei sentral plassering mellom det historiske verna sentrumet, og den moderne aktive delen av sentrum med hotell og handel. Prosjektet vil gi torgplassen ein ny karakter og transformere området frå parkeringsplass til offentleg møteplass for innbyggjarane.


I 2019 vedtok kommunestyret detaljreguleringsplan for deler av Vik sentrum. Reguleringsplanen opnar for parkering på torgplassen. Som ein del av planarbeidet vart det utarbeida planskisser og prinsipp for å gi eksisterande torg eit løft. Vik kommune er grunneigar. I løpet av planprosessen har løysinga for torget vore drøfta med sentrumsaktørane i området og politikarane. Gjennom prosjektet vil kommunen no realisere planen ved å stramme opp plassen, legge dekkstein, lage grønne lungar og sitjeplassar, samt sykkelparkering - og med dette leggje til rette for ein trivelegare plass å opphalde seg.

I detaljreguleringa (2019) er torget regulert til gatetun og føresegna seier følgande:

*Torget er regulert til offentleg gatetun. Arealet kan nyttast som varetilkomst til eigedomane i SE-1. Gatetunet skal opparbeidast som ein heilskapleg torgplass. Det kan etablerast parkeringsplassar på plassen, i prinsippet som vist på illustrasjonsplanen.*

*Bruk og møbelring av arealet skal ikkje vera til hinder for gåande og syklande langs RV13. Areal skal utformast etter retningslinjene for universell utforming.*

*Til høgre: Del av illustrasjonsplan, syner framtidig utforming av torget etter detaljplan vedteke i 2019.*



I kommunen er det, per i dag, to årlege festivalar: Gamalostfestivalen og Bringebærfestivalen. Ved begge desse festivalane vert torgplassen stengt for biltrafikk, og plassen vert nytta som torg med

salsboder. I desse samanhengane fungerer plassen som ein offentlig møteplass, og målet med prosjektet er å løfte noko av dette over til «normal-situasjon».

Kommunen ønsker gatetun/«shared space» på torgplassen. Varelevering er naudsynt, medan parkering finst andre stader i sentrum. Det vert arbeida for ein bilfri torgplass, og ein vonar at dette kan vekke engasjement for andre sentrumsprosjekt. Vik manglar ein torgplass, men har fleire opne plassar som vert nytta som parkering. Eit torg med tilrettelegging for mjuke trafikkantar vil vere ein tilgjengeleg, inkluderande og trygg stad der folk kan møtast og trivast. Gode offentlege rom kan også stimulere til meir aktivitet i sentrum. Kommunen har mål om at arbeidet kan starte opp våren 2021, så sant finansiering er på plass.

## Vurderingar og verknader

### Søknad i samsvar med mål for tilskotsordnigna

Søknad om transformasjon av torget i Vik sentrum imøtekjem etter fylkesrådmannen si vurdering fleire av måla bak støtteordninga:

- Prosjektet omhandlar sosial berekraft, universell utforming og inkluderande by og stadutvikling, som går ut på å skape tilgjengelege, inkluderande og trygge stadar der folk trivst, føler tilhøyrslø og som stimulerer til aktivitet.
- Prosjektet imøtekjem også mål om å skape eit levande sentrum.

### Økonomi:

- Tiltaket er innanfor sektoren sine økonomiske ramar, og gjer inga auka kostnader. Tiltaket går av midla som allereie er sett til «Tilskot til levande byer og stader i Vestland».
- Ettersom denne tildelingssummen på kr 775.000,- er over grensa for administrativ avgjerdsle for stadutviklingstilskot på 400.000 kr, er saka løfta til politisk handsaming i Fylkesutvalet.
- Ved å bygge fellesskap og identitet, og auke attraktiviteten på staden, legg vi grunnlaget også for økonomisk vekst og busetnad.

### Klima:

Tiltaket bidreg til å redusere klimagassutslepp i Vestland fylkeskommune, gjennom å legge til rette for auka bruk av sykkel og gange i Vik sentrum og betre tryggleik for mjuke trafikkantar. Dette gjennom å ta bort parkeringsplassar frå torget og gjere det til ein plass for menneske.

### Folkehelse:

- Tiltaket reduserer sosial ulikskap gjennom å skape ein trygg møteplass for alle menneske.
- Møteplassar er viktige sosiale arenaer, og bidreg aktivt mot det som er vår tids trussel mot folkehelse - einsemd. Torget vil skape stadkjensle og styrke identiteten og trivselen til dei som bur i Vik. Her skaper ein rom for aktivitetar og arrangement som vil gje inkludering og integrering.
- Tilrettelegging for at fleire går og sykklar i kvardagen, kan bidra til betre helse.
- Tiltaket er forankra i folkehelseoversikta 2019-2023.

### Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

- Klimaet støttar opp om FN sine berekraftsmål. Fylkesrådmann vil særleg trekke fram mål 3 i utviklingsplanen «Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv», og tilhøyrande berekraftsmål 11 «Berekraftige byar og samfunn», delmål 7: *«Innen 2030 sørge for at alle, særleg kvinner og barn, eldre og personar med nedsett funksjons-evne, har tilgang til trygge, inkluderande og tilgjengelege grøntområde og offentlege rom.»*
- Tiltaket støttar opp om mål og strategiar i utviklingsplanen for Vestland. Tiltaket vil styrke distriktet; er eit klimavenleg tiltak; reduserer sosial ulikskap og skaper lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv. Her vil vi spesielt nemne strategi 3.1 *«Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.»*

- Tiltaket støtter fylket sin visjon gjennom å vere nyskapande og berekraftig, og er med på å setje retning for utviklinga av vestland. Tiltaket fremjar regional medverknad og samhandling.
- Utvikling av torgplassen er også i samsvar med mål i «Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur» (2018):
  - Styrking av eksisterande sentrum
  - Sentrumsområde bør vere tilgjengeleg for alle, uavhengig av alder og funksjonsnivå.
  - Skape møteplassar som arena for god kontakt mellom menneske og auka livskvalitet.
  - Tilrettelegging for gåande og syklende framfor bilbruk

Strategien gjev også retningslinjer for arealbruk som stø oppom prosjektarbeidet:

- Sentrum bør ha universelt utforma offentlege fellesområde og møteplassar. Offentlege område bør omfatte park og leikeareal, sentrale gater, plassar og torg, samt friluftsområde der dette er aktuelt.
- I sentrum bør det kartleggjast og etablerast attraktive møteplassar for ulike målgrupper.

#### Om attraktive sentra og inkluderande byrom

Attraktive sentra er viktig for folk sin trivsel og tryggleik. Det kan også bety mykje for næringsutvikling, konkurransekraft, og busetnad. Torgplassen vil styrke Vik sitt senter, og kan gjere området meir attraktivt for opphald. Eit forbetring av eit byrom kan også ha overføringsverdi for andre byrom i Vik, og elles i fylket. Eit inkluderande byrom kan styrke stadkjensla og gje folk eigarskap til sin eigen stad.

#### Bilfri torgplass

Kor vidt det endelege resultatet i Vik stø opp om regionale mål om stadutvikling vil vere avhengig av å få biltrafikk ut av torget. Flyfoto over sentrum syner at det er relativt mykje parkeringsareal elles i området. Slik fylkesrådmannen vurderer det er det ikkje ønskeleg å leggje til rette for biltrafikk og parkering på torgplassen. Dette vil gje utfordringar knytt til tryggleik, tilkomst og avkøyring. Det vil også ta opp store deler av torgflata, slik at det i realiteten ikkje kjem til å opplevast som ein torgplass, men vil fortsetje å framstå som ein parkeringsplass. Bilar avgrensar også bruken av torget, og aktivitetar kommunen ønskjer seg der.

#### Vilkår for tilskot

Vilkår for tilskotet er at torgplassen ikkje vert lagt til rette for biltrafikk og parkering utanom eventuell trafikk knytt til varelevering (ikkje gjennomkøyring), og køyring og parkering for menneske med rørslehemming. I tillegg at torgplassen vert universelt utforma. Vi føreset at planlagt kommunal veg vert inkludert i gatetunprinsippet, og føl Vegnormal N100 for gatetun.

## **Konklusjon**

Søknad om torgtransformasjon i Vik sentrum stø etter fylkesrådmann si vurdering opp om fleire av måla til støtteordninga. Prosjektet kan bidra til eit sentrum som stimulerer til trivsel, aktivitet og møte mellom folk. Eit forbetring av eit byrom vil også kunne ha overføringsverdi for andre byrom i Vik. Eit inkluderande byrom kan også skape styrka stadkjensla, og gje folk auka eigarskap til sin eigen stad.

Fylkesrådmannen rår til å gje økonomisk støtte på inntil kr 775.000,- til bilfri torgplass i Vik sentrum ut frå gatetun-prinsippet i Vegnormal N100, og vilkår som er omtala over.